# Bunaddokker på utstilling

## BIDRAG TIL KULTURMINNEÅRET 2009



**BUNADDOKKER:** Grethe Rudi Bråten (t.v.) og Gunhild Nørsterud med tre dokker med bunader frå Valdres. Til venstre ein rutastakk, og i midten ein mannsbunad med stuttrøye. Til høgre dokka med bringedukbunad, laga av Berit Vidme, som ikkje hadde høve til å vera med på biletet.

**Medlemer i Norsk folkedraktforum har laga 30 bunadskledde dokker som neste år skal på turné landet rundt. I mars kjem dokkene til Fagernes.**

Dokkene er om lag 80 centimeter høge, med andre ord om lag halv vaksen storleik. Bunadene er historisk korrekte, ned til minste detalj.

Valdres er representert med tre dokker. Berit Vidme i Vang bunadssaum har laga ei med bringedukdrakt frå tidleg på 1800-talet. Grethe Rudi Bråten og Gunhild Nørsterud i Valdres folkedraktsaum har dokker kledde i rutastakk og i ein mannsbunad frå Valdres, begge frå perioden 1850-1870.

### Samling på Lillehammer

I går gjorde Rudi Bråten og Nørsterud seg klare til å dra til Lillehammer med dei tre dokkene, Vidme kunne ikkje vera med sjølv.

– Alle 30 dokkene, med folkedrakter frå ulike delar av landet, skal samlast der. Dei skal også fotograferast, for det skal lagast ein katalog som skal fylgje utstillinga rundt i landet, fortel Nørsterud.

Ei verna bedrift på Lillehammer har laga trekassar, ei til kvar dokke, som skal syte for at dokkene blir tekne godt vare på under fraktinga. Utstillinga kjem også til Fagernes, i samband med at årsmøtet i Norsk folkedraktsaum skal avviklast på Nythun høyfjellstue i mars neste år.

### Tidkrevjande

Norsk folkedraktforum er ein interesseorganisasjon for dei som driv med bunadssaum, og Nørsterud og Rudi Bråten synest at det var ein fin idé å lage ei vandreutstilling med bunadskledde dokker for å markere Kulturminneåret 2009. I sommar var dei på kurs i Lillehammer for å lære å lage dokkene.

– Det var krevjande nok, men likevel var arbeidet med sjølve bunadene det mest omfattande. Det tok utruleg mykje tid fordi mange detaljar er så små, seier Rudi Bråten. Ho fortel at det gjekk med 15 timar for å sy sjølve rutastakken med liv, og at det tok to kveldar berre å lage frynsene til det vesle sjalet som høyrer med.

**Tor Harald Skogheim**
tor.harald@avisa-valdres.no 40632151


VALDRES
Skrautvålsvegen, postboks 54
2901 Fagernes
Tlf. 61 36 42 00
www.avisa-valdres.no

Åpent kl. 8.00-16.00 Lørdager stengt
**E-post:** redaksjonen@avisa-valdres.no
annonse@avisa-valdres.no
abo@avisa-valdres.no
**Telefaks:** redaksjonen 61 36 42 51
annonse/abonnement 61 36 42 11
**Telefon utenom kontortid:**
Redaksjon/ekspedisjon 61 36 42 00
Vakt- og tipstelefon 476 40 000

| | TLF. JOBB | TLF. PRIVAT | E-POST |
|---|---|---|---|
| **ANSVARLIG REDAKTØR** | | | |
| Torbjørn Moen | 920 60 263 | 61 34 37 23 | torbjorn@avisa-valdres.no |
| **NYHETSREDAKTØR** | | | |
| Morten Stensby | 918 51 460 | 61 36 37 67 | morten@avisa-valdres.no |
| **VAKTSJEF** | | | |
| Einar Galaaen | 406 32 108 | 61 34 13 34 | einar@avisa-valdres.no |
| **JOURNALISTER** | | | |
| Kirsten Flagstad | 405 54 725 | 414 48 141 | kirsten@avisa-valdres.no |
| Helge Gudheim | 406 32 113 | 61 36 31 84 | helge.gudheim@avisa-valdres.no |
| Egil Heggen | 406 32 124 | 61 36 04 16 | egil@avisa-valdres.no |
| Bjørn Karsrud | 406 32 137 | 61 36 25 56 | bjorn@avisa-valdres.no |
| Marit Beate Kasin | 406 21 157 | 971 74 657 | marit@avisa-valdres.no |
| Kjell Mære | 406 32 142 | 61 36 33 77 | kjell@avisa-valdres.no |
| Geir Helge Skattebo | 406 32 118 | 959 61 784 | geir.helge@avisa-valdres.no |
| Tor H. Skogheim | 406 32 151 | 61 34 05 11 | tor.harald@avisa-valdres.no |
| Kåre Strande | 406 32 154 | 61 36 17 51 | sporten@avisa-valdres.no |
| **FOTOGRAF** | | | |
| Trygve Lien | 406 32 139 | 952 23 160 | trygve@avisa-valdres.no |

| | TLF. JOBB | E-POST |
|---|---|---|
| **MARKEDSSJEF** | | |
| Robert André Esp | 916 65 836 | robert@avisa-valdres.no |
| **ANNONSEKONSULENTER** | | |
| Maj-Britt Berntsen | 406 32 093 | maj.britt@avisa-valdres.no |
| Svein Ove Bolstad | 406 32 094 | svein.ove@avisa-valdres.no |
| Jane B. Hauglid | 406 32 120 | jane@avisa-valdres.no |
| **ROTASJON OG NETTANNONSER** | | |
| Ødegaard, Kjersti K. | 406 32 159 | kjersti@avisa-valdres.no |
| **TRYKKERI** | | |
| Svein Arild Aarø | 915 79 076 | svein.arild@valdres-trykkeri.com |
| Ingrid Holden | 406 32 126 | ingrid@valdres-trykkeri.com |
| **ADMINISTRERENDE DIREKTØR** | | |
| Hans Petter Nygaard | 911 87 055 | hans.petter@valdres-trykkeri.com |
| **REGNSKAP OG ØKONOMI** | | |
| Elin Hovi | 913 14 393 | elin@valdres-trykkeri.com |

**ABONNEMENTSPRISER:**
Ett år kr 1590,00
Halvår kr 885,00
4 måneder kr 605,00
Portotillegg til utlandet. Bankgiro 2070.05.01818

**ANNONSEPRISER PER MM:**

| | | |
|---|---|---|
| Annonseside | kr 7,95 | Fargetillegg per mm. |
| Tekstside | kr 12,50 | sort + 1 farge kr 2,00 |
| 1. side | kr 19,80 | sort + 3 farger kr 4,80 |
| 3. side | kr 14,70 | Alle priser er uten mva. |
| Siste side | kr 15,50 | |

**ANNONSEFRISTER:**
Til tirsdagsavisa, torsdag kl. 14.00
Til torsdags-, fredags- og lørdagsavisa kl. 14.00 tre dager før innrykk.
Rubrikkannonser kl. 14.00 to dager før innrykk.

**TRYKT I VALDRES TRYKKERI**
rotasjon@valdres-trykkeri.com
**Opplag 2007: 9203**